Ål kommune

Offentleg høyring

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	2026/4119-2	03.11.2026

Høyring - Forskrift om skule- og feriedagar, Ål kommune 2027-2028 og 2028-2029

Etter opplæringslova (lov 9. juni 2023 nr. 30, § 14-1 andre ledd) skal skuleruta for kommunen handsamast som ei lokal forskrift. Dette inneber mellom anna at ho skal sendast på høyring kvart år og vedtakast av sektorutval for kultur og oppvekst.

Vedlagde forskrift vert difor sendt på høyring til følgjande instansar:

- Utdanningsforbundet i Ål
- Fagforbundet i Ål
- Offentleggjering på kommunen si heimeside

Frist for høyringsinnspel til skuleruta er **2. desember 2026**. Etter høyringa blir forskrift om skule- og feriedagar handsama politisk.

Høyringsinnspel kan sendast inn via e-post til **postmottak@aal.kommune.no**, gjennom eDialog eller per brev til:

Ål kommune
Torget 1
3570 Ål

Vedlegg

Forskrift om skule- og feriedagar 2027-2028, Ål kommune, Buskerud Fylkeskommune

Forskrift om skule- og feriedagar 2028-2029, Ål kommune, Buskerud Fylkeskommune

Kommunalsjef oppvekst

Sissel Skrindo

Elektronisk utan signatur